

Prosjektmandat

for

Skulebibliotek– Bjørnafjorden kommune

Oppdragsgivar	Christian F. Fotland
Prosjekteigar	Line Rye
Prosjektleder	Ellinor Engelstad
Planlagt startdato	01.08.2018
Planlagt sluttdato	01.11.2019

Referanse	Prosjektnr.:	Kontering:
-----------	--------------	------------

Mandat

Kva er bakgrunn for prosjektet?

I samband med kommunesamanslåinga i 2020 der Os og Fusa kommune blir til Bjørnafjorden kommune, er det oppretta eit delprosjekt som skal sørge for eit likeverdig skulebibliotektilbod ved alle skular i kommunen. Alle skular i Noreg er pålagde å ha eit skulebibliotek, med mindre skulen er geografisk plassert slik at folkebiblioteket enkelt kan nyttast i skuletida.¹

Det er stort spenn mellom skulane i Bjørnafjorden kommune, både geografiske avstandar og i storleik, noko som får konsekvensar for kor mykje ressursar kvar enkelt skule har til å utvikla sine skulebibliotektenester.

Kva skal prosjektet bidra til?

Eit godt skulebibliotek er sentralt for å utvikle gode lesekunnskapar, fremme personleg vekst og utjamne sosiale og digitale skilnader blant elevane.

Prosjektets formål er å sikra at det er system og samarbeidsordningar på plass som jamnar ut skilnadene, og at skulebiblioteka oppfyller dei tilråda retningslinjene frå UNESCO/IFLA.²

Kva er målet for prosjektet?

Prosjektleiaren skal sette saman og leie ei prosjektgruppe som skal stetta følgjande mål.

Effekt mål:

Ved start 01.01.2020 skal alle skulebiblioteka i Bjørnafjorden følge dei internasjonale retningslinjene for gode skulebibliotek, slik dei er definert av IFLA og UNESCO.

Skulebiblioteka fungerer som ein pedagogisk læringsarena i arbeidet med å utvikle gode leseevner hos alle elevar i grunnskulen. Både elevar og lærarar skal kunne dra nytte av gode, oppdaterte bibliotektenester i det daglege.

Skulebiblioteka bidrar til at elevar får gode leseerfaringar, utviklar leselyst og opplever meistring.

¹ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, §9-2

² <https://www.ifla.org/files/assets/school-libraries-resource-centers/publications/ifla-school-library-guidelines-nr.pdf>



Skulebiblioteka er ein integrert del av kommunens arbeid for å utvikle barn og unge til å bli informasjonskompetente, kjeldekritiske samfunnsborgarar.

Vidareutdanning, kurs og seminar skal samkøyrast med folkebiblioteket i dei tilfella der det er aktuelt, for å auke samarbeidet mellom dei to institusjonane og halde kompetansen til skulebibliotekarane oppdatert og ved like.

Resultatmål:

1. Prosjektleder set opp ein plan for gjennomgang av alle skulebiblioteka i Os og Fusa i samarbeid med skuleleiinga ved kvar skule. Kartlegginga vil liggje til grunn for vidare prioriteringar i prosjektperioden.
2. Ved inngang til skuleåret 2019–2020 skal skulebiblioteket inkluderast i skulane sine lokale læreplanar og handlingsplanar. Skulebibliotekaren er ein synleg ressurs i skulen, både i kvardagen og i skulane sin digitale profil. Hen har tid og ressursar til å drive samlingsutvikling og rettleiing av elevar og lærarar. Meir rutinemessige oppgåver kan flyttast til assistentar ved skulane.
3. Kwart skulebibliotek har ei tilknytt skulebibliotekarressurs med bibliotekspesifikk kompetanse. Viss skulebibliotekarar ved skulene manglar slik utdanning, skal vedkommande ha fått kompetanseheving innan 2020, eller det skal føreligge ein konkret plan for dette.
4. Folkebiblioteket skal informere staben på Oppvekstområdet om aktuelle kurs og seminar som kan bidra til at skulebibliotekarane er oppdaterte. Skuleleiinga skal bidra til at skulebibliotekaren kan delta og slik vidareutvikle kompetansen sin kontinuerleg.
5. Større seminar, til dømes den årlege konferansen IBBY Årets bøker, gjerast om til ei prioritert, fagleg og sosial hending for skulebibliotekarar og folkebibliotekarar.
6. Oppgradering av skulebiblioteka skjer over tidsperioden 2018 – 2020: Skulebiblioteka skal så langt råd er, ha egna lokalar, som er utforma slik at dei er innbydande for barn og unge. Samlingane skal vere godt kategorisert og merka slik at elevar lett finn fram sjølv. Elevar og lærarar skal ha tilgang til skulebiblioteket i heile skuletida.
7. Alle skulebibliotekarane skal vere ein del av eit sjølvstendig nettverk med regelmessige møte der dei kan diskutera og dela kompetanse og erfaringar. Nettverket skal berast av samarbeid mellom dei ulike skulebibliotekarane, til dømes gjennom at møteplass/ansvar for møteinnkalling skjer på omgang etter eit etablert system, og gjennom felles deltaking på organiserte, kompetansehevande kurs og seminar. Det opprettast eit eige skulebibliotekrom på ITs Learning tileigna nettverket, for å styrke samarbeidet på tvers av geografiske avstandar.
8. For å jamne ut dei skilnadene som finst mellom store og små skulebibliotek i kommunen, blir det i kommunal regi oppretta bokkassar og leseprosjekt på deling i skulebiblioteknettverket. Eit slikt nettverk skal vere på plass ved utgangen av skuleåret 2018–2019. Bokkassar skal vere ferdigkjøpte innan januar 2020.



Omfang og avgrensing
Prosjektet famnar om skulebiblioteka i grunnskulane i Bjørnafjorden kommune. Prosjektet skal òg sjå på korleis skulebiblioteka kan vere eit verkemiddel i overgangen frå barnehage til skule, men utover det er ikkje barnehagane medrekna.
Økonomi
Som hovudregel skal all timebruk i prosjektet belastast ordinær drift. Alle ekstra innkjøp skal godkjennast av styringsgruppa. Det skal leggjast opp til nøktern drift for tenestene i Bjørnafjorden kommune. Ramma for drifta skal i alle høve ikkje overstige dei rammene vi har i Os og Fusa i dag. Prosjektet vil søkje om midlar frå UDIR september 2018.

Framdrift

Framdriftsplan/milepælar

Fase 1 Planlegge

Nr.	Milepæl	Estimert tidspunkt
MP 1	Første møte i prosjektgruppa	09.08.2018
MP 2	Line Rye informerer skuleleiinga	30.08.2018
MP 3	Ferdig prosjektmandat	23.08.2018
MP 4	Godkjend prosjektmandat	-
MP 5	Førebuande møte med skulebibliotekarane	05.09.2018
MP 6	Frist for å søke midlar	17.09.2018
MP 7	Rektorar/Skuleleiingar orienterte	25.10.2018
MP 8	Kartlegging av skular i Os og Fusa fullført	01.12.2018

Fase 2 Gjennomføre. Fase 2 vil bli gjennomført saman med skulane.

MP 9	Kompetanseheving/litteratur. IBBY 2018	28.11.2018
MP10	Skulebibliotekansvarlege avklart	01.01.2019
MP11	Kompetanseheving/bibliotekfag. Prosjektseminar.	01.04.2019
MP12	Kompetanseheving/Barnelitterære fagdagar.	01.05.2019
MP13	Skulebiblioteka sine samlingar oppdaterte	20.08.2019
MP14	Skulane sine nettsider oppdaterte.	20.08.2019
MP15	Rom på It's Learning oppretta	20.08.2019
MP16	Skulebibliotek inn i skulane sine årsplanar	23.06.2019
MP17	Bokkassar ferdig bestilt og fordelt på skular	01.09.2019
MP18	Idébank med skulebibliotekprosjekt oppretta	01.10.2019

Fase 3 Avslutte

MP18	Sluttevaluering	01.11.2019
------	-----------------	------------



Organisering

Styringsgruppe: Administrativ styringsgruppe i Bjørnafjorden.

Deltakarane i styringsgruppa skal:

- Ta avgjerder om igangsetting, gjennomføring og avslutning av prosjektet.
- Ha eit klart og aktivt ansvar for prosjektet, og stille krav til måloppnåing og gevinstrealisering.
- Verifisere behov for, og godkjenne, leveransar.
- Løse eventuelle prioriteringskonflikhtar.
- Vere støttespelarar for prosjektleiar.
- Bidra til at prosjektplanen blir gjennomført
- Representere eiga avdeling/eining i prosjektet, og informere om/forankre prosjektet i eiga avdeling/eining.

Namn	Ansvar/rolle	Tlf.nr./e-mail adresse
Christian F. Fotland	Rådmann Bjørnafjorden kommune	chff@os-ho.kommune.no
Nils-Petter Borge	Assisterande rådmann Bjørnafjorden kommune	nilspetter.borge@fusa.kommune.no
Line Rye	Kommunalsjef oppvekst og kultur	liry@os-ho.kommune.no
	Kommunalsjef helse og omsorg	
Aina Tjosås	Kommunalsjef samfunnsutvikling	aitj@os-ho.kommune.no
Ingrid Karin Kaalaas	Økonomisjef	ikk@os-ho.kommune.no
Eva Røttingen	Personalsjef	ekr@os-ho.kommune.no
Elisabeth Farstad	Organisasjons- og innovasjonssjef	elfa@os-ho.kommune.no
Marianne Kramer	Prosjektleiar samfunn og næring	makr@os-ho.kommune.no
Monica Totland Melvold	Prosjektleiar tenesteutvikling	mtme@os-ho.kommune.no
Åse M. Gjerde	Tillitsvald	amg@os-ho.kommune.no
Guri M. Handeland	Hovudverneombod	gumh@os-ho.kommune.no

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa skal:

- Koordinere arbeidsgruppa sine forslag og anbefalingar.
- Sørge for framdrift, nødvendige avklaringar og avgjerder.



Prosjektmandat for Bjørnafjorden kommune

- Sørge for god dialog og samhandling undervegs i prosjektet.
- Gjere risikovurderingar og syte for høg informasjonssikkerheit.

Prosjektdeltakarane deltar i prosjektet som fagpersonar og skal:

- Utføre arbeidsoppgåver som dei får tildelt frå prosjektleiar.
- Vere medansvarlege for framdrift og resultat i prosjektet.
- Informere om eventuelle hindringar eller utfordringar som oppstår i prosjektet.
- Bidra til eit godt samarbeidsklima
- Informere om framdrift og status for prosjektet til eiga avdeling.

Namn	Ansvar/rolle	Ressurs avsett til prosjekt i %	Tlf.nr./e-postadresse
Line Rye	Prosjekteigar		liry@os-ho.kommune.no
Ellinor Engelstad	Prosjektleiar	100 %	904 04 920 / elen@os-ho.kommune.no
Signe Christensen	Rådgjevar		sch@os-ho.kommune.no
Therese Johnsen	Skulefagleg rådgjevar		tjo@os-ho.kommune.no
Trine Rikheim	Biblioteksjef Fusa		Trine.Helene.Rikheim@fusa.kommune.no
Liv G. Veland	Lærer/Skulebibliotekar i Fusa		Liv.Grytoyr.Veland@fusa.kommune.no
Kjersti Søvik	Rep. skuleadm. Fusa		Kjersti.Sovik@fusa.kommune.no
Annbjørg Dalland	Pedagogisk rådgjevar/Skulebibliotekar i Os		ada@os-ho.kommune.no

Dersom kompleksiteten eller krav til kompetanse i eit prosjekt gjer det aktuelt å hente inn fleire deltakarar til prosjektgruppa, skal styringsgruppa fatte vedtak om dette. Det er vedtatt at tillitsvalde og verneombod skal vere med i prosjektgruppa.

Prosjektleiar si rolle

- Leier og koordinerer aktivitetane i prosjektet og utarbeider forslag til framdriftsplan for prosjektet. Styringsgruppa vedtar framdriftsplanen.
- Fordeler oppgåver og syter for oppfølging, motivering, framdrift og godt samarbeid.
- Bruker etablert metodikk og Prosjektportalen som prosjektstyringsverktøy.
- Rapporterer/legg fram informasjons- og vedtaksgrunnlag til overordna prosjektleiing for vidare rapportering til styringsgruppa.
- Syter for møteinnkalling og referat frå møta.

Prosjektleiar skal lage ein rapport ved prosjektavslutning. Sluttrapporten skal innehalde informasjon om prosjektmandat, gang i prosjektet, resultatvurdering og erfaringar.

Prosjektleiar skal bruke prosjektportalen i all styring av prosjektet, inkludert malar og sjekklister.



Risiko og usikkerheit

Informasjonssikkerheit knytt til behandling av opplysningar om pasientar, tenestebrukarar og tilsette må ivaretakast spesielt. Prosjektet skal vurdere risiko undervegs, og syte for at omsyn til informasjonssikkerheit og personvern er høgt prioritert.

Aktuelle risikoområde (sjå overordna ROS-analyse):

- Manglande involvering og engasjement frå leiinga på alle nivå.
- Uklar ansvarsfordeling i prosjektorganisasjonen – grensesnitt mellom delprosjekta.
- Manglande involvering av tilsette og tillitsvalde.
- Klarer ikkje å etablere «neste praksis/beste praksis» som er betre enn summen av dei to kommunane sin eksisterande praksis.
- Motstand mot endring i administrasjonen/organisasjonen.
- Uklare forventingar kommunane imellom om kva dei skal bidra med inn i prosjektet.
- Ulike arbeidsmetodar og kulturar i dei to kommunane.
- Manglande motivasjon og jobbtrivnad.
- Feil prioriteringar og kort prosjektperiode.
- Klarer ikkje å synleggjere gevinstar undervegs.
- Tap av nøkkelpersonar i prosjektet fram mot 2020.
- Usikkerheit om framdrifta i prosjektet.
- Informasjonsflyt om prosjektet.
- Klarer ikkje få til eit heilskapleg system – her skal alt ligge – ingenting skal lagrast på server eller lokalt.
- Manglande ressursar til rådvelde i områda/einingane/avdelingane.
- Systematisk jobbing og oppfølging.
- Lik praksis i heile organisasjonen.

Nye risikoområde blir melde vidare til overordna prosjektleiing, og tas med i rulleringa av den overordna ROS-analysen.

Oppfølging og rapportering

Framgangsmåte for rapportering

Vurder framdrift i prosjektet. Rapportar på kostnad, tidsbruk, kvalitet osv.

Jamleg rapportering til overordna prosjektleiing. Frekvens blir avklart i oppstartsmøte.

